

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 15/10752-20

Statsbudsjettet 2016 - kap. 1429 post 71 freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap fordeling av ekstra løyving

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Ekstra løyvinga frå Statsbudsjettet 2016 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fyljande prosjekt:

- | | |
|---|------------|
| a. Stabburet på Ormelid i Luster kommune | 270 000 kr |
| b. Restaureringsleiar for freda bygningar | 30 000 kr |

Vedlegg:

Brev frå Riksantikvaren av 30. juni 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Søknad om tilskot for 2016 til Svanøy hovudgard

Søknad om tilskot for 2016 til stabburet på Ormelid

Dispensasjon av 6. september 2016 frå vedtak om freding til istandsetjing av stabburet på Ormelid

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I brev frå Riksantikvaren av 30. juni 2016 vart det tildelt ei ekstra løyving på kr. 300 000 frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, (vedlegg 1). Tilskotet skal primært gå til istandsetjing av freda bygningar i privat eige, men ein mindre del av det kan nyttast til tilstandsregistrering av bygningar i fylket som ikkje er tilstandsregistrert, eventuelt der tilstandsregistreringa er gått ut på dato.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkeskommunen har i tidlegare tildelingar prioritert prosjekt som er oppstarta og bygningar som har tilstandsgrad 2 og 3 i tilstandsregistreringa. Fylkesdirektøren har gått igjennom dei oppstarta istandsetjingsprosjekta og søknadane som kom i forkant av den ordinære tildelinga av tilskot frå post 71. Dei oppstarta prosjekta har pr. i dag nok finansiering for 2016 og har ikkje behov for ei ekstra løyving no. Av dei innkomne søknadane om tilskot som vart handsama i HNK-sak 24/16, var det to som fekk avslag på søknaden, Svanøy hovudgård i Flora kommune og Ormelid i Luster kommune.

Svanøy hovudgard

Svanøy hovudgard hadde søkt om tilskot til to prosjekt. Ferdigstilling av restaurering av vindauga og tiltak i kulturlandskapet. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at arbeidet med vindauga på hovudgården vert ferdigstilt. Dette er eit prosjekt som har gått over fleire år med støtte frå post 71. Fylkeskommunen har ikkje motteke rapport på status i prosjektet og søknaden er upresis over kor mange og kva vindauga som er omfatta av søknaden. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at rapport med status og rekneskap på det arbeidet

som er gjort vert sendt fylkeskommunen før det er aktuelt å løyve ytterlegare tilskot til dette prosjektet.

Kulturlandskapet rundt Svanøy hovudgård er viktig for opplevinga og forståinga av hovudgården. Det omsøkte prosjektet er uferdig og lite konkret. For at det skal vere aktuelt å løyve tilskot til kulturlandskapet må det først utarbeidast ein forvaltningsplan/skjøtselsplan som er konkret på kva tiltak som bør gjerast for å ta vare på kulturlandskapet.

Fylkeskommunen har til i dag ikkje mottatt ytterlegare rapportering og informasjon om arbeidet med vindauga, og vi er heller ikkje kjend med at det er utarbeidd ein skjøtsels- eller forvaltningsplan for kulturlandskapet rundt hovudgården. Fylkesdirektøren vurderer det difor ikkje som aktuelt å løyve tilskot til desse prosjekta no.

Ormelid

Stiftinga Ormelid gard søkte om tilskot til istandsetjing av stabburet på Ormelid. Søknaden hadde to alternativ for istandsetjinga. Av desse var alternativ 1 tilrådeleg å gjennomføre då dette alternativet tok vare på dei antikvariske verdiane i bygningen på ein god måte. Alternativet må handsamast som ei dispensasjonssak frå fredingsvedtaket. Ei utfordring med søknaden var at tiltaket i svært stor grad var avhengig av finansiering frå post 71, den hadde forholdsvis liten eigenfinansiering og ein del av den eksterne finansieringa var uklår. I tillegg var ikkje eigarhovet endeleg fastsett då Guri Ormelid i mars 2016 var oppført som eigar av garden. Signala frå hovudutvalet i samband med handsaminga av HNK-sak 24/16 var at ein ynskjer å bidra med tilskot til prosjektet når dei formelle sidene av eigarskapet var avklart.

I dag er eigartilhovet formalisert og Stiftinga Ormelid gard står som eigar av 1/2 part av garden. Den andre parten er eigd av buet etter Kjellaug Ormelid. Kjellaug og Erling Ormelid oppretta i 2008 eit gåvebrev og testament som overlot egedomen med reiskap, lausøre og inventar som er på garden til Stiftelsen Ormelid. Erling Ormelid sin part er formelt overdratt til Stiftinga Ormelid gard. Ved at stiftinga no er den formelle eigaren av garden kan ein etter fylkesdirektøren si vurdering løyve tilskot til stiftinga. Søknaden sitt alternativ 1 er tilrådeleg å gjennomføre då det vil ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i bygningen på ein god måte. Stiftinga har fått dispensasjon frå vedtak om freding til gjennomføring av istandsetjing av stabburet etter alternativ 1.

Dei tilgjengelege midlane er vesentleg mindre enn den omsøkte summen, men vil kunne bidra til at stiftinga lettare kan få på plass ekstern finansiering. Fylkesdirektøren føreslår difor at den største delen av tilskotet frå post 71 som no skal fordelast vert gjeve til istandsetjing av stabburet på Ormelid. Då dei tilgjengelege tilskotsmidlane er vesentleg mindre enn omsøkt sum, må ein etter fylkesdirektøren si vurdering vere open for å løyve ytterlegare støtte frå post 71 til dette prosjektet i samband med tildeling av tilskot frå post 71 for 2017.

Tilstandsregistrering

Tilstandsregistrering og oppdatering av tilstandsregistreringane vert gjort av fylkeskommunen sin restaureringsleiar for freda bygningar. Denne stillinga er delfinansiert av tilskots midlar frå post 71. Fylkesdirektøren føreslår difor at ein nyttar 10% av tilskotet til delfinansiering av stillinga som restaureringsleiar for freda bygg. I tillegg til fortløpande oppdatering av tilstandsregistreringa vil det vere behov for å gjennomføre tilstandsregistrering på dei freda prestegardane då dei er dei einaste freda bygningane i privat eige som i dag ikkje er tilstandsregistrert.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for næring og kultur til å gjere vedtak i tråd med framlegget. Istandsetjinga av stabburet på Ormelid skal gjennomførast i tråd med føringane i dispensasjonen frå fredingsvedtaket av 6. september 2016.